

# Innbyggjarar i Vågsøy kommune får kjernejournal

**1. mars får 760 000 innbyggjarane i til saman 67 kommunar i Vest-Noreg sin kjernejournal. Då kjem den på plass i heile Helse-Vest.**

I kjernejournalen vert det samla viktige helseopplysingar som både den einkilde innbyggjaren og helsepersonell har tilgang til.

- Det vil vere ein tryggleik at dei viktigaste helseopplysingane om deg er raskt tilgjengelege for helsepersonell. Kjernejournal vil gje deg tryggare helsehjelp i akutte situasjonar.

Kjernejournal vert oppretta i din kommune 1. mars og alle som er folkeregistrerte i kommunen vil få ein kjernejournal, dersom dei ikkje allereie har reservert seg frå det.

Du kan sjølv sjå og leggje inn opplysingar i din kjernejournal via [www.helsenoreg.no](http://www.helsenoreg.no)

## Når får eg kjernejournal?

Eit oversyn over kommunar der innbyggjarane allereie har fått kjernejournal og kva kommunar som står for tur, finn du på [www.helsenorge.no/kjernejournal/nar-far-jeg-kjernejournal](http://www.helsenorge.no/kjernejournal/nar-far-jeg-kjernejournal) (lekkje nedst i denne saka)

Ynskjer du ikkje å ha ein kjernejournal, kan du reservere deg når som helst. Det gjer du ved å logge deg inn på [helsenoreg.no](http://helsenoreg.no) og gå til innstillingane for din kjernejournal.

## Kor finn eg min kjernejournal?

På den offentlege helseportalen **[helsenoreg.no](http://helsenoreg.no)** får du tilgang til opplysingane i kjernejournalen ved å logge deg på med din elektroniske ID. Her kan du sjå informasjonen som er lagra om deg og leggje inn ekstra opplysingar.

Kjernejournal er ein av fleire tenester du kan sjå på [helsenoreg.no](http://helsenoreg.no). Her finst òg oversyn over din fastlege, dine reseptar og eigenbetalingar, i tillegg til andre tenester du kan betene sjølv.

## Meir informasjon?

På sjukehusa, legekantor og ulike stader i kommunen vil du finne avrivingsblokk og plakat med informasjon om kjernejournal. Din kjernejournal vert oppretta 1. mars. Då

kan du logge deg inn for å sjå din kjernejournal, eller lese meir på [helsenoreg.no](http://helsenoreg.no)

### Kort om kjernejournal

- Kjernejournal er ei ny elektronisk løysing som samlar nokre kjerneopplysingar om deg og din helse.
- Både du og helsepersonell får tilgang til opplysingane i kjernejournalen.
- Kjernejournal kjem i tillegg til pasientjournalane du har hos fastlegen, på legevakta og sjukehuset.
- Helsepersonellet har tilgang til kjernejournalen i ein eigen portal for helsepersonell og innbyggjarane har tilgang via [helsenoreg.no](http://helsenoreg.no)
- Helsedirektoratet er ansvarleg for utviklinga av kjernejournal.
- Siktemålet med kjernejournal:
  - Gje tryggare helsehjelp
  - Gjere samhandlinga i helsetenesta betre
  - Auke pasientane sin medverknad

Du kan òg ringje brukarstøtte 800HELSE (80043573)

### **Helsepersonell i gang denne våren**

Sjukehusa, legevaktene, fastlegane og private spesialistar vil byrje bruke kjernejournal i løpet av våren 2015. Helsepersonellet vil nytte kjernejournalen i samband med behandling av pasientar.

### **Kven vil no få kjernejournal?**

I mars 2015 vil innbyggjarane frå fylgjande kommunar få kjernejournal:

- Hordaland: Askøy, Austevoll, Austrheim, Bergen, Bømlo, Eidfjord, Etne, Fedje, Fitjar, Fjell, Fusa, Granvin, Jondal, Kvam, Kvinnherad, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Odda, Os, Osterøy, Radøy, Samnanger, Stord, Sund, Sveio, Tysnes, Ullensvang, Ulvik, Vaksdal, Voss, Øygarden
- Rogaland: Bokn, Haugesund, Karmøy, Sauda, Suldal, Tysvær, Utsira, Vindafjord
- Sogn og Fjordane: Askvoll, Aurland, Balestrand, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Høyanger, Jølster, Leikanger, Luster, Lærdal, Naustdal, Selje, Sogndal, Solund, Stryn, Vik, Vågsøy, Årdal

Sjå kva kommunar som allereie har kjernejournal her:

<https://helsenorge.no/kjernejournal/nar-far-jeg-kjernejournal>